

Sluttrapport til Norges Forskningsråd for prosjektet **PRE-AKTIV STRAFFERETT**

Studie av eit pågåande omskifte i norsk strafferett og straffeprosess

Prosjektet vart starta opp i 2003 og avslutta i 2007. To av delprosjekta hadde form av studentstipend for å skriva (stor) juridisk særavhandling, og var avgrensa til det første året [1, 2]. Eit doktorgradsstipend måtte lysast ut fleire gonger og fekk difor forseinka oppstart (10.08.04). Dette vart finansiert av Norges Forskningsråd dei tre første åra, men etter avtale med Det juridiske fakultet går stipendet over fire år (det siste finansiert av fakultetet) mot ein viss del undervisning. Difor er doktoravhandlinga ikkje heilt fullført når denne rapporten vert skriven [3]. Eit fjerde delprosjekt (om terrorlovgiving), som prosjektleiari har arbeidd med, vart finansiert under dette prosjektet i 2003. Dette prosjektet har vakse i omfang undervegs, og er no integrert i eit forskingsprosjekt om internasjonalisering av strafferettspleia (jf nedanfor). Så langt har det resultert i fleire fagartiklar om emnet, og ei bok vil bli publisert i løpet av 2008 [4].

Vidare i denne sluttrapporten blir det teke utgangspunkt i dei målsetjingane som vart lagt fram ved oppstarten av prosjektet.

1) Hovudmålet er å analysera og skaffa fram auka innsikt i den

karakterendringa ved strafferetten som her er kalla "pre-aktiv strafferett".

- Gjennom dette prosjektet har vi sett fokus på omskiftet mot ein meir pre-aktiv strafferett, dvs. ein strafferett som tek sikte på å møte den kriminelle verksemda allereie på eit førebuande stadium, i form av kriminalisering, etterforsking og sanksjonering [5]. Omgrepet "pre-aktiv strafferett" er blitt ein etablert storleik i den nordiske strafferettsdebatten [6-8].
- Gjennom arbeidet med delmåla (jf nedanfor) har ein fått fram auka innsikt i endringa frå "re-aktiv" til "pre-aktiv" strafferett og i dei bakanforliggjande utviklingstrekka som gjer at dette framleis må omtalast som eit "pågåande omskifte" i norsk strafferett. Det har også blitt svært tydeleg at omskiftet er ledd i ein generell, internasjonal tendens i same retninga.
- Prosjektet har heile tida hatt ei eiga heimeside på internett:
http://www.jur.uib.no/ansatte/joreh/Temasider/Temaside_3.html

2) Eit delmål er å samanlikna utviklinga i norsk rett med utviklingstendensar innan andre europeiske land og EU.

- Eit delprosjekt om Europol har kasta lys over utviklinga av eit stadig tettare europeisk politisamarbeid.[2]
- Delprosjektet om terrorlovgiving har kartlagt tilsvarende utviklingstendensar i andre europeiske land, med særleg fokus på dei nordiske landa, Tyskland og Nederland. Det har blitt tydeleg at omskiftet mot ein meir pre-aktiv strafferett på dette området har blitt drive gjennom FN, EU og andre internasjonale

organisasjonar [9]. Samspelet mellom internasjonale og nasjonale reglar har vidare ført til ei aksellerende utviklinga i pre-aktiv retning [4].

- Ein eigen artikkel om terrorlovgivinga i Storbritannia har vist at ein som eit alternativ til reint strafferettslege verkemiddel også kan nytta andre typar preventive tiltak (innesperring og andre fridomsrestriksjonar) for å halda kontroll med mistenkelege personar [10]. Men dette er problematisk i høve til dei involverte personane sin rettstryggleik og deira menneskerettar.
- Eit svensk forskningsprosjekt ved professor Petter Asp (Uppsala) med tittelen "Från tanke till gärning" har teke føre seg liknande problemstillingar (støtta av det svenske Vetenskapsrådet).[7, 11, 12] Vi har undervegs hatt kontakt med han, m a gjennom seminarverksemd, og dei to prosjekta har gjensidig påverka kvarandre.

3) *Eit anna delmål er å kasta lys over den nære samanhengen mellom utforminga av materielle straffereglar og prosessuelle reglar om inngripande etterforskningsmetodar.*

- Eit delprosjekt om våpen- og knivforbodet i norsk rett og handhevinga av dette har vist at det ikkje berre er gjennom reine førebuingsreglar at omskiftet skjer.[1] Kriminalisering av å ha med våpen og knivar på offentleg stad er eit døme på ei sjølvstendig kriminalisering av handlingar som ofte vil inngå i vidare kriminalitetsplanar, men utan at det blir stilt krav om ein slik samanheng. Den utvida visitasjonsheimelen etter politilova § 7a, og høvet til å nytta inndraging og varetektsfengsling dersom våpen vert funne, fungerer i realiteten som ein metode for politiet til å førebyggja utføring av andre farlege eller skadelege handlingar framtida. Dette illustrerer samtidig at også etterforskinga og sanksjoneringa har endra karakter i pre-aktiv retning.
- Prosjektleiaren har gjennom fleire artiklar og bidrag på faglege seminar hatt fokus på andre sider ved denne problemstillinga. Eit område der ho i særleg grad har blitt sett på spissen er den svartelistinga av mistenkte terroristar og terror-organisasjonar som FN (Sikkerhetsrådet) og EU har stått for sidan 2001, med tilhøyrande frysing av økonomiske midlar m v [9, 13]. Ei anna aktuell problemstilling er kriminaliseringa av såkalla "grooming" [14], jf no straffelova § 201a.
- Det er likevel eit klart behov for meir forskning om korleis den pre-aktive kriminaliseringa påverkar bruken av tvangsmidlar på etterforskningsstadiet og kva bevismessige og andre rettstryggleiksmessige utfordringar som dette medfører. Her vil det vera nødvendig med studiar av praksis både innan politiet, påtalemakta og domstolane.

4) *Eit tredje delmål er å synleggjera dei nye prinsipielle spørsmåla som utviklinga mot ein pre-aktiv strafferett reiser.*

- Prosjektleiari var engasjert av eit utval som utgreidde brotsverk mot rikets tryggleik (jf no NOU 2003:18) , og har publisert ein artikkel om verdival og lovtekniske utfordringar ved førebuingsskriminalisering på dette området.[15]
- I artikkelen om terrorlovgivinga i Storbritannia har det særleg blitt sett fokus på menneskerettslege problem som ønsket om å koma alvorleg kriminalitet i forkjøpet reiser [10].
- I doktoravhandlinga som no er under avslutning [3] drøftar forfattaren korleis denne endringa i strafferetten sin karakter let seg sameina med grunnleggjande krav til ein rettsstat. Den rettsstatstenkinga som har vakse fram i den europeiske rettskulturen sidan opplysningstida kan fungera som ei felles referanseramme for diskusjonar om bruk av strafferetten som makt- og tvangsmiddel i samfunnet, og gir eit djupare fundament for å ta stilling til aktuelle, rettspolitiske spørsmål [16].
- I den boka som delprosjektet om terrorlovgiving skal munna ut i, vil dei meir prinsipielle spørsmåla også bli drøfta, både i lys av straffe- og forfatningsrettslege prinsipp og i lys av det generelle behovet for å halda oppe straffelovgivinga sin legitimitet [4].

5) *Eit fjerde delmål er å styrkja kompetansen i og rekrutteringa til strafferett som universitetsfag.*

- Prosjektet har engasjert to studentar til å skriva særavhandlingar, som seinare er blitt publiserte. Ein av desse personane har seinare vore tilsett ved fakultetet, den andre arbeider for tida som juridisk rådgivar i Høgsterett.
- Ein doktorgradsstipendiat har fått arbeidsvilkår til å arbeida med grunnleggjande strafferettslege problemstillingar, noko som vil kunna få stor betydning for dette faget si utvikling i åra framover.
- Emnet har vidare gitt inspirasjon til fleire mastergradsavhandlingar ved fakultetet. Prosjektleiari har vidare vore rettleiar for ei mastergradsavhandling i Tromsø om finansiering av terrorisme.[17] Vi har også fått førespurnader frå studentar som held på med masteravhandling om slike tema i Oslo.
- Prosjektet har også inspirert til vidare forskning ved Det juridiske fakultet i Bergen. Det har vore mykje av bakgrunnen for at prosjektleiari, saman med to andre kollegaer har starta opp (frå 2007) forskingsprosjektet "Rettsstatlege utfordringar ved internasjonalisering av strafferettspleia, med særleg fokus på europeisk integrasjon". Også dette vert støtta av Norges Forskningsråd, sjå: http://www.jur.uib.no/ansatte/joreh/Temasider/internasjonalisering_2.htm

Litteraturliste:

1. Haugland, G.S., *Våpen- og knivforbud : en fremstilling og vurdering av bakgrunnen for, innholdet i og håndhevingen av våpen- og knivforbudet på offentlig sted.* 2004, Bergen: Fagbokforlaget. 200 s.
2. Wold, E., *Europol som samarbeidspartner for norsk politi.* 2004, Bergen: Fagbokforlaget. 139 s.
3. Jacobsen, J.R., *Legalitet, fridom, autonomi. Kriminalisering av førebuingshandlinger i eit rettsstatsperspektiv.* 2008 (forthcoming), Universitetet i Bergen
4. Husabø, E.J. and I. Bruce, *Fighting Terrorism by Multilevel Criminal Legislation.* 2008 (forthcoming).
5. Husabø, E.J., *Pre-aktiv strafferett.* Tidsskrift for Strafferett, 2003. **3**(1): p. 96-107.
6. Vestergaard, J., *Knivforbud og visitation som uttrykk for preaktiv strafferett.* Ugeskrift for Retsvæsen, Avd. B, 2004: p. 373-379.
7. Asp, P., *Går det att se en internationell trend? - om prentionismen i den moderna straffrätten.* Svensk juristtidning, 2007: p. 69-82.
8. Kjelby, G.J., *Preventiv og pre-aktiv etterforsknings- og påtalestrategi,* in *Rett og toleranse. Festskrift til Helge Johan Thue : 70 år,* J. Giertsen, T. Frantzen, and G.C. Moss, Editors. 2007, Gyldendal akademisk: Oslo. 806 s.
9. Husabø, E.J., *The implementation of new rules on terrorism through the pillars of the European Union,* in *Harmonization of Criminal Law in Europe,* E.J. Husabø and A. Strandbakken, Editors. 2005, Intersentia. p. 53-78.
10. Husabø, E.J. and J. Aall, *Bekjempelse av terrorisme og forsvar for rettsstaten - et britisk eksempel.* Lov og Rett, 2005. **44**: p. 515-530.
11. Asp, P., *Från tanke till gärning. Del I, Legitimationsfrågor rörande förfälsdelikt.* 2005, Uppsala: Iustus förlag. 162 s.
12. Asp, P., *Från tanke till gärning. Del II, Förberedelse och stämpling till brott.* 2007, Uppsala: Iustus förlag. 248 s.
13. Husabø, E.J., *Strafferetten og kampen mot terrorismen.* Nordisk Tidsskrift for Kriminalvidenskab, 2004. **91**(2-3): p. 180-193.
14. Husabø, E.J., *Prinsipielle problemstillinger ved ei eventuell kriminalisering av "grooming" i nordisk rett,* in *Nordisk seminar om grooming.* 2006: Justisdepartementet, Oslo.
15. Husabø, E.J., *Verdival og lovtekniske utfordringer ved revisjon av straffelova kap.8 og 9.* Tidsskrift for Strafferett, 2003. **3**(2): p. 217-237.
16. Jacobsen, J.R., *Strafferett i ein demokratisk rettsstat,* in *Rett, samfunn og demokrati.,* J.F. Bernt and S.S. Mæhle, Editors. 2007, Gyldendal Akademisk: Oslo. p. 419-441.
17. Vang, H., *Straffansvar for finansiering av terrorisme,* in *Stor særavhandling,* Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultet nr 129. 2003. 64 s.